

Halsabrotet-prosjekt på marknaden

15.04.2014



Prosjekt Nedre Halsabrotet er det gule

Dei 2 bustadprosjekta i Halsabrotet - øvre og nedre - er no godt igang etter lang ventetid. Kommunen er i arbeid med opparbeiding av vatn- og kloakkanlegg og i dag er Nedre Halsabrotet avertert. Det består av 4 tomannsbustadar og ein tremannsbustad med eit buareal varierende frå 92 til 105 kvadratmeter. Det vert lokka med livsløpstandard og høg standard, til dømes breiband og kabel-TV.

Ute vert det felles leikeområde og god parkeringsplass og gangavstanden til sentrale tilbod er sjølvsagt viktig. Det er også moglegheit for andel i felles garasjeanlegg.

Bak prosjektet står i annonsen Actavia Invest, Kvinnherad Byggtutvikling og Berge Sag og når det gjeld pris startar ein på 3473 kroner i månaden.

Finansieringen skjer i Husbanken og med startlån i kommunen. Men det viktigaste salsargumentet er kanskje det som står i overskrifta:

SENTRALT MIDT I KVINNHERAD USKEDALEN

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen